

19/1 - 76

«Stor arv det er for mannen --»

Tone: Og ræven lå under ---

Me høyrer stundom — til tukt og trøyst —
frå dei »kloke»

at ættar-granskingi no er løyst
kvar ein floke.

Dei kjem med fylgjande visdomsord:
Or same ur-to kom både Tor
og han Loke./

Dei «kloke» vita no alt so greidt
om vår papa.

Me andre travar som inkje veit
står og gapa(r).

Dei skildrar tidi so kom og kvarv
og syner slekti sin ættararv
heilt frå apa./

Me — uopplyste — må losast ut
or vår villa.

At me hev sakka so atterut
er for illa.

Tenk ikkje kjenna sin stammefar ---
Og ikkje sjå at vårt opphav var
ein gorilla ----./

Med mange djuptenkte løyndar-ord
hev dei prova

kor manneætti sin far og mor
miste rova.

Det gjekk nok for seg i største hast
ein gong dei rovene sette fast
i ei sprova./

For slik ein rovelaus «eksistens»
alt laut rapa.

For slik ein skyhøg «intelligens»
alt laut tapa.

Tenk: alle framstig og all kultur
er — etter det som dei kloke trur
arv frå apa —./